



Økologisk er framtida: God økologi handlar ikkje om blomkransar, busserullar og ugrasåkrar, men om kunnskapsbasert agromoni og godt handverk, skriv agronomelevar ved Sogn jord- og hagebrukskule.

FOTO: SVEIN JOAR HUSJORD

Noko for kvar ein smak?

Aja, så det smaker bedre», sa Anne Grosvold med hånleg stemme i Dagsnytt 18 den 6. november. Det ho sikta til var økologisk mat. Seniorforskar ved Bioforsk Arne Grønland heva førre tysdag på nytt miljøfana mot det økologiske landbruket. Vi har likevel litt vanskeleg for å svelge at sjølv det konvensjonelle landbruket kan få Noko til å oppstå frå Ingenting, slik Grønland tydelegvis vil ha oss til å tru.

Det var rimeleg overraskande å sjå ein erfaren forskar påstå at økologisk mjølkproduksjon fører til større utslapp av metan av di kvar ku mjølkar mindre, og vi derfor må ha fleire kyr for å produsere same mengde mjølk. For det fyrste fins det mange eksempel på økologiske kyr som mjølkar like godt som konvensjonelle. For det andre og ikkje minst – kor mykje metan og mjølk ei ku kvitjar seg med heng sjølvsgatt saman med kor mykje og kva slags fôr vi puttar i ho. Kumjolk består av protein, mjølkessukker, fett, kalsium, fosfor, A, D og E-vitamin og ei rekke andre næringsstoff som ikkje oppstår av seg sjølv i juret.

INTERESSE

«Fleire bønder hadde vore interessert i å legge om til økologisk hadde det ikkje vore for dystopistar som Arne Grønland».

Noko kjem av Noko anna – for å produsere ein liter mjølk må kua pumpe 500 liter næringsrikt blod gjennom juret. Desse næringsstoffa har kua ete, fordøyd og sett av til mjølkproduksjon eller vedlikehald, eller forkasta som gjødsel og avgassar. Ei ku som mjølkar mykje, må ete mykje, og den som et mykje, produserer og meir i andre enden.

Metan er eit sluttprodukt av anaerob nedbryting, ein gass med sin spesifikke plass i økosystemet, på lik linje med til dømes seljetre og kattepusar. Dette er sjølvsgatt og tilfelle med oljen vi pumpar opp frå Nordsjøen. Problemet med oljen er at den er på feil stad, til feil tid, i feil mengde. Dette kan og vere tilfelle med metangass – store konsentrasjonar av høgtytande kyr på eit konsentrert område over lenger tid har ikkje nokon naturleg plass i økosystemet. Men å legge skulda på økologiske produsentar for dette vert for dumt. Økologiske kyr beitjar jamt over meir på utmark, får meir lokalproduert (gras) og mindre importert fôr (kraftfôr) enn sine konvensjonelle kollegaer. Og kven kan nytte seg av gras- og utmark, så og sei utan pleiding og open jord, betre enn drøvtyggjaren? Kring 10 % av karbonet i biosfæra er bunde opp i grasmark, som vert definert som varige karbonlager. Slik jord er eit vere eller ikkje vere for økologiske bønder, som er avhengig av ei levande jord med høgt innhald av mold og organisk materiale.

Her vert det naturleg med nokre alvorsord om mineralgjødsel. På kort sikt gjer den nok det lettare å auke avlingane i dei fleste kulturar. Men berre på kort sikt, og berre dersom ein ser kvar åker som ei isolert eining. Sånn siktmessig er ikkje jorda laga for å ta imot uavgrensa mengder lettlyseleg nitroren, fosfor og kalium kvart år. Jorda er laga for å klare seg sjølv, og mineralgjødsel bidrar null og niks til dette. Den gjødselplantene, jorda vert berre ein «opp-haldsplass» – i klar motsetning til det økologiske prinsippet om næringskretsloop. Ja, å gjødsle jorda med gardsoverskotet (husdyrgjødsel, kompost, avlingsrestar) avgrensar mengdene økobonden har tilgjengeleg. Men det ho har verkar så utruleg mykje lenger – tungtlyselege næringsstoff, mineral og ikkje minst mikro- og makroliv vil over tid gi jorda ein god og stabil næringsnistepakke. Saman med belgvekstar (td. kløver) som fiksereer nitrogen frå lufta kan dette motsvare opp til 30 kg nitrogen per dekar.

Så var det det med opphavet. Å flytte på næringsstoff er dessverre nærare gratis for lommeboka, men det kostar desto meir for fornufta: For at Noko skal kunne puttast inn ein stad, må det takast ut ein annan stad, om ein no driv konvensjonell eller økologisk. Vi kan la tala snakke for seg sjølve: I fylgje Bioforsk økologisk kjem mellom 40 og 70 prosent av energiforbruket på ein konvensjonell gard frå kunstgjødsel. FN sitt klimapanel reknar med

at det årleg går med 90 millionar tonn olje og gass globalt i framstillinga av nitrogengjødsel. Av dette hevdar mange forskarar at så lite som 20 prosent faktisk vert tatt opp i plantene. Drivverdige fosforfunn vert stadig færre, og produksjonen er venta å nå sin siste topp om 30 år. Kor lenge det tar før planeten er tom for dette verdifulle, ikkje-fornybare mineralet klarar ikkje forskarar og industri å bli einig om.

Vi, komande generasjon økologiske bønder, syns det er fint med merksend kring klimaavtrykket til norsk jordbruk, også det økologiske. Men i framtida kunne vi ynskje oss ein litt meir open inngangsvinkel – det er til dømes sjølvsgatt at både økologiske og konvensjonelle bønder har mykje å lære av kvarandre. Er det noko bønder kan, så er det å ta ein spade for ein spade, og eg trur at mange fleire bønder hadde vere interessert i å legge om til økologisk hadde det ikkje vore for dystopistar som Grønland. God økologi handlar ikkje om blomkransar, busserullar og ugrasåkrar, men om kunnskapsbasert agromoni og godt handverk. Det snakkar til norske bønder.

Siri Helle, Heidi Terjesdatter Øltnes Moen, Øyvind Henden, Torkell Granas, Clea Bianca Suhr, Veslemøy Halsen Olavsbråten og Svein Joar Husjord
Økologiske agronomelevar ved Sogn Jord- og Hagebrukskule, Aurland